



KVITESEID



SOKNERÅD

ÅRSMELDING 2022



Bryllaup i Kviteseid kyrkje. Vår gode medhjelpar sundagsskulen fleire år, Solveig Syrtveit, tidl. Mikalsen, gifta seg i Kviteseid juli 2022 med Ole-Markus Almli Asmussen. Biletet er gjengitt med løyve

Sakristiet i Vrådal kyrkje renovert i januar 2022 av våre eigne kyrkjeteradar. Spesialbygd innreiling ved Hauglid Trevare.

Alle biletata: Kristen Salmelid

ÅRSMELDING 2022

1. KORT OPPSUMMERING

Året 2022 begynte å likne eit normalår etter eitpar år med pandemi, men enno heng dette som eit vondt slør over folk og land. Noko er for alltid endra, men folk er på veg tilbake til eit normalt arbeidsliv, samfunnsengasjement og kyrkjegang.

Økonomisk har det vore ei utfordring med dei høge straumprisane og meir enn dobling av kostnadene til dette. Resultatet blei likevel ikkje som frykta, då soknet mellom anna har fått store refusjonar for sjukeløn, litt straumstøtte i desember, og reduksjon av fondsmidlar soknet har i Kl. Ø.

Kyrkjeverja si sjukemelding frå slutten av januar og ut året, ble ei ekstra stor belastning for staben og soknerådet, særleg frå februar til april, då året 2021 skulle oppsummerast på forskjellig vis. Etter kvart som kyrkjeverja vende meir og meir tilbake til arbeid, betra denne situasjonen seg.

Hovudtal frå rekneskapen:

Økonomi:	Drift	Investering
Budsjett 2022 (inntekter og utgifter i balanse, inkl. tenesteytingsavtale)	Kr 5.180.000	Kr 1.259.000
Rammeoverføring frå kommunen	Kr 3.489.000	Kr 1.000.000
Netto resultat og disponeringar	Kr -70.740	Kr -34.893

Neg.tal = mindreforbruk (overskot), og avsetjast til fond.

2. MÅLSETJING OG ANSVAR

Den nye «Kirkeordning for Den norske kirke» vart gjeldande frå 01.01.21. Om soknerådets oppgåver står det her mellom anna:

§ 12. MENIGHETSRÅDETS OPPGAVER:

«Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vække og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forklynt, syke og døende betjent med det, døpte gis trosopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet. ... Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet.»

«Menighetsrådet avgjør om det skal tas opp offer eller foretas innsamling i kirken og forvalter de midler som blir samlet inn, bevilget eller gitt som gave til kristelig virksomhet i soknet, med mindre annet er fastsatt...»

«Menighetsrådet medvirker ved tilsetting i kirkelige stillinger etter de regler som gjelder til enhver tid.»

«Menighetsrådet innbyr minst en gang i året de tilsatte i soknet til å ta del i rådets drøftinger om menighetsforholdene og de oppgaver som foreligger.»

Kviteseid er ein eitt-sokns-kommune. Det gjer at soknerådet òg løysar det som er rekna som fellesrådsoppgåver:

§ 17. KIRKELIG FELLESRÅDS OPPGAVER

Kirkelig fellesråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgaver på vegne av soknene, utarbeide mål og planer for den kirkelige virksomhet i kommunen, fremme samarbeid mellom menighetsrådene og ivareta soknenes interesser i forhold til kommunen.

Kirkelig fellesråd er ansvarleg for

1. bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer
2. anlegg, drift og forvaltning av gravplassar
3. oppretting og nedlegging av stillingar som lønast over fellesrådets budsjett

- 4. skaffe og drift av kyrkjekontor
- 5. administrativ hjelp for prosten når kyrkjas verksemeld nasjonalt yter tilskot til det
- 6. skaffe lokal, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring
- Kviteseid har i alt 6 kyrkjer og 7 gravplassar (kyrkjegardar): Kviteseid, Kviteseid gamle, Brunkeberg, Vrådal, Vrådal gamle kyrkjegard, Fjågesund og Kilen.
- Kviteseid sokn har 6 tilsette. Til saman dekker desse 3,7 årsverk. Alle er menn. Soknerådet vurderer arbeidsmiljøet i verksemda som godt. I tillegg til dei fellesråd-tilsette, har soknet ein sokneprest som er tilsett og løna av bispedømerådet, og som er del av staben i soknet.
- Administrative og økonomiske oppgåver i soknet: Soknerådet utarbeider mål og planar for den kyrkjelege verksemda, forvaltar inntekter og formue etter lov og vedtak, og tek vare på soknet sine interesser. Dei praktiske oppgåvene som fylgjer av soknerådet sitt tilsynsansvar, vert utførte av dei kyrkjeleg tilsette. Kyrkjevekerja er dagleg leiar for verksemda og er sakshandsamar for soknerådet.

3. SOKNERÅDET SINE MEDLEMER

Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Dagfinn Køhn, Unni Snaunes, Toralf Grave, Gudrun Nordbø Venås, Vidar Syrtveit Mikalsen og Sigrun Garvik Moen (sekretær)

Vararepresentantar: 1. Vigdis Helene Bruhaug, 2. Aud Turid Fjågesund (i permisjon),
3. Inge Waldenstrøm (fikk permisjon i løpet av året grunna flytting), 4. Eva Lisbeth Lier og 5. Jan Rune Bjørnson

Sokneprest: Møyfrid Lunde.

Kommunerepresentant: Bjørn Nordskog (ordførar) med vara Jonn Foldøy.

Soknerådet har ein jamn kjønnslekestilling med seks damer og fem menn (utanom varamedlemmer, men med kommunerepresentant og kyrkjevekerja)

4. SAKER I SOKNERÅDET

Soknerådet handsama 51 saker i 2022. Desse var fordelt på 7 møte:

26. januar: Drifts- og investeringsbudsjett for 2022, årssamtale med prosten, stad og dato for soknemøtet, Fasteaksjonen 2022, komité og stad for konfirmantfest.

23. mars: Årsrekneskap og årsmelding 2021, førebuing til soknemøtet, utsendingar til Diakonatet og dugnad på kyrkjegardane.

27. april, ekstraordinært: Årsrekneskap 2021, Årsmelding 2021 m/ rekneskapstal, soknemøte 1. mai 2022, rekneskapsrapport 1.kv. 2022

1. mai: Soknemøte med årsmøtesaker

15. juni: Revisjonsberetning 2021, rekneskap 1. kv. 2022, straumforbruk, Økonomiplan 2022-25, Investeringssplan 2023-26, Konfirmantarbeidet.

24. august: Forslag driftsbudsjett 2023, investeringsbudsjett 2023 og investeringsplan 2024-27. Trusopplæringsplanen, komité for kyrkjelydsbasaren

19. oktober: Samtale med kyrkjelydsutvalet for Fjågesund og Kilen, synfaring av Fjågesund kyrkje, Gudstenesteplan for 2023, Allehelgensdag, Ta vare på inventaret i kyrkjene

30. november: Val av leiar og nestleiar, møte med organist, offerplan for 2023, økonomisaker, møteplan for soknerådet 2023 og referat frå to møte i trusopplæringsutvalet.

I tillegg var det på soknerådsmøta mykje informasjon (saker med tittel «Post og meldingar»).

Referata frå soknerådsmøta blir lagt ut på nettsida. Vi har i dag www.kviteseid.sokn.no, men har starta oppbygging av ny nettside med mal frå Den norske kyrkja. Referata frå 2022 kjem på den nye nettsida.

5. MEDARBEIDARAR

5.1. TILSETTE

Soknerådet hadde ved utgangen av 2022 ansvar for 3,7 årsverk fordelt på seks tilsette i arbeid. Her kunne det godt vært større kjønslikestilling då alle seks fast tilsette er menn. Det er ikkje bevisst handling, men eit resultat av tilfeldigheitar ved tilsetjing gjennom åra. Dette kan med fordel endrast på ved framtidige tilsetjingar. Dei fast tilsette er:



- Kristen Salmelid: Kyrkjeverje i 100 % stilling, tilsett 2016. Han var sjukmeld heilt eller delvis i 11 månader av 2022.
- Olav Holm: Organist i 70 % stilling, tilsett 2019.
- Jan Gunnar Haugen: Fagarbeidar (kyrkjegardsarbeidar og kyrkjetenar) i 45 % stilling, tilsett i 2000. (*biletet viser Jan som ringer til messe i Kilen*)
- Håkon Heggtveit: Fagarbeidar (kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar) i 50 % stilling, tilsett i 2013.
- Bjørn Stian Sigurdslid: Fagarbeidar (kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar) 55% stilling, tilsett frå aug. 2020.
- Knut Ove Lofstad: trusopplærar i 50% stilling (inklusiv 10% sekretær oppgåver), tilsett aug. 2020.

Sokneprest Møyfrid Lunde er ein del av den lokale staben med kontorlass på kyrkjekontoret, men er tilsett av bispedømerådet, for teneste i Øvre Telemark prosti, med Kviteseid sokn som særskilt arbeidsområde. Prosten er nærmeste overordna. I feriar vikarierer prestane i Seljord og Kviteseid for kvarandre.

I tillegg har soknet tilsette som vi deler med sokn i fleire kommunar, og som har kontorlass utanfor kommunen vår:

- Eilev Erikstein: Prostidiakon i 100% stilling. Stillinga er felles for sokna i Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje.
- Caroline Bringsås: Ungdomsarbeidar i «Ønsket og elsket» i 30% stilling. Alle sokn/fellesråd i Øvre Telemark deler på finansiering av denne stillinga. (Slutta i stillinga 31.01.2023)
- Sara Marie Christiansen Smith: Ungdomsarbeidar i «Ønsket og elsket» i 20% stilling. Alle sokn/fellesråd i Øvre Telemark deler på finansiering av denne stillinga.
- Petter Jakobsen: Dagleg leiar i «Ønsket og elsket» i 50% stilling. Denne stillinga er finansiert av bispedømet. Han vart i tillegg ny kyrkjeverje i Seljord i 2022.

Tilsette deltok gjennom året på forskjellige møte, konferansar og kurs. Her nemner vi fylgjande:

- Bjørn Stian Sigurdslid heldt fram med vekelange kurs i ‘Gravplass-skulen’ og ‘Kyrkjetenar-skulen’ i oktober og desember.
- 4 frå staben deltok i august på siste dag av Pilegrimsvandringa ‘Å vandre med håp’, til Røldal kyrkje. Der avslutta Jan Haugen og band med konsert.
- 5 av 7 frå staben (inkl. soknepresten) deltok på Stiftsdagene i Kristiansand i oktober.

5.2. UTVAL, KOMITEAR OG REPRESENTASJON

Kyrkjelydsutvala fordeler praktiske oppgåver knytt til gudstenester og bruk av kyrkja. Dei stiller kyrkjeverter som ynskjer velkommen i døra, ordnar blomar til altaret og steller til kyrkjekaffi. I heile 2021 har dei som ei ekstra oppgåve ført smittevernlistar. Dei bidrar til dugnad i og rundt kyrkja.

Brunkeberg: Anne Lise Råmunddal (leiar), Vigdis Helen Bruhaug, Anne Dorthea Heggtveit Henriksen, og Eva Lisbeth Lier.

Fjågesund: Aud Turid Fjågesund (leiar), Gunn Karin Eikåsen, Monica Haugestøl og Anette Rønning.

Kilen: Alternativt jolebord vart igjen arrangert etter gudstenesta i desember ved Svein Holberg. Dette året var og dei nye eigarane av Kilen Camping og feriesenter med. Det er Kai Rune Aasen og Hilde Skauff.

Kviteseid: Lisbeth Farmen Aabø (leiar), Kirsti Breidalen Skjæveland, Sigrun Moen og Solveig Løfgren.

Vrådal: Astrid Breivik (leiar), Jan Gunnar Breivik, Bjørg Nekstad og Marit Sørby.

Trusopplæringsutval: Vidar Syrtveit Mikalsen (leiar), trusopplærar Knut Ove Lofstad, sokneprest Møyfrid Lunde og Sigrun Egeland.

Diakoniutval: Kirsti Skjæveland (leiar), Gunhild Breidalen, Gunhild Dobbe, Reidun Fisketjønn, Ingrid Grestad, Ellen Katrine Køhn, Hanne Roholdt, Marit Sørby, Reidun Torsdalen og Åsa Wendel.

Gudstensteutval: Astrid Breivik, Sigrun Egeland, Dagfinn Køhn, organist Olav Holm og sokneprest Møyfrid Lunde.

Kulturutval: Thorbjørn Emdal, Toralf Grave og organist Olav Holm.

Andre komitéar og representasjonar:

- Komité for godhetsveka 2022 – Knut Ove Lofstad møtte for kyrkja.
- Komité for fellesmøte 2022 – Møyfrid Lunde møtte for kyrkja.
- Komité for kyrkjelydsbasaren 2022 – Kristen Salmelid, Dagfinn Køhn, Kirsti Skjæveland og Marit Sørby.
- Komité for konfirmantfest 2022 (på grendehuset i Mørkedal) – Dagfinn Køhn, Sigrun Garvik Moen, Marit Sørby og Anne Lise Råmunddal.
- Redaksjonskomité for kyrkjebladet – Møyfrid Lunde (redaktør), Øyvind Jørgensen og Olav Mosdøl.
- Fasteaksjonen – soknerådet organiserte bøsseaksjon med god hjelp av konfirmantar og føresette.
- Prostirådet – Gudrun Nordbø Venås er soknerådet sin representant.
- Kirkens SOS Telemark – Marit Gotuholt er soknerådet sin kontakt.
- Årsmøte for Diakonatet i Vest-Telemark – Hanne J Roholdt og Unni Snaunes deltok på dette møtet i Nissedal som utsendingar frå soknerådet.
- Diakonatet for Vest-Telemark – sokneprest Møyfrid Lunde sit i diakonatet som representant for prestane, og Sigrun Solvang er vald representant frå årsmøtet.

6. VEDLIKEHALDSARBEID OG PROSJEKT MED BYGG OG ANLEGG

6.1. INVESTERINGSPROSJEKT:

- Ny varmeomnar og straumstyring i Kviteseid kyrkje. Omnane er installert, men ikkje kobla til styringssystemet enno. (Budsjett og rekneskap: kr 950.000 / 830.000.) Blir ferdigstilt i febr/mars 2023 (ny tavle og nye kablar til over 100 nye omnar)
- Renovering av 2 store blyglasvindauge i Kviteseid kyrkje. (Kr. 250.000 / 360.000) Dei vart ferdige i 2022, men blir ikkje montert før i febr/mars 2023

6.2. NYTT OG REPARASJON AV INVENTAR, UTSTYR OG ANNA

- Presteskristiet i Vrådal blei tidleg på året totalrenovert med nytt golv tvers gjennom, nye plassstilpassa skåp og benk, og måla veggar.
- Dåpskristiet i Vrådal blei pussa opp av kyrkjelydsutvalet i Vrådal med midlar frå sundagsskulen i Vrådal som hadde stått på konto i mange år.

- Nytt søppel- og reiskapsskur vart sett opp ved enden av Vrådal kyrkjegard.
- Kilen kapell og bårehus vart måla, trappa blei renoveret, og fleire store bjørketre blei felt.
- Nytt gjerde vart sett opp mot sør på øvre kyrkjegard i Kviteseid
- Vasslekkasje på kjøken i kyrkjestoga i Brunkeberg: spillvannspumpe vart bytta. (Ny oppvaskmaskin i jan.2023)
- Den øydelagde grøne messehagelen frå Vrådal, vart erstatta med ein ny. Føret frå den gamle vart bruka på nytt. Ellers er det ein finare kopi. (Takk til Vrådal Normisjon for sponsing)



- Nytt el-piano vart kjøpt i desember. Det er til øving på organistens kontor, og kan ellers takast med til Vrådal og gudstenester utanom kyrkjene. Dette er òg sponsa av Vrådal Normisjon.
- Messinglysekrona i Kviteseid gamle kyrkje er reparert. Den vart nesten ubrukeleg før dette.
- Maleria i Kviteseid gamle kyrkje kan bli renoverte i 2023. Maleria blei i 2022 undersøkt grundig av konservator, og det blei laga til eit prosjekt med kostnad på nær kr. 600.000 etter utlysing frå Riksantikvaren. Får vi tilsagn, er det 100 % finansiert av Riksantikvaren.
- Hanne Roholt og Herdis Nordbø Jørgensen fullførte arbeide med registrering av alle tekstilane i alle 6 kyrkjer/kapell. Arbeidet er blitt presentert i Vrådal, Brunkeberg og Kviteseid.

6.3. DUGNAD OG ARBEID PÅ KYRKJEGARDANE:

Det vart som vanleg utført annonsert oppryddingsarbeid og dugnad på kyrkjegardane i mai. Takk til alle som deltok. I Fjågesund er dugnaden rundt kyrkja og ikkje på kyrkjegarden.

Avtaler om planting og stell: Vi hadde 33 langtidsavtaler (legat-avtaler), og ca 15 sesongavtaler.

7. ØKONOMI

Hovudinntekta til soknerådet er tilskot frå kommunen. Til trusopplæring kjem tilskot direkte frå staten. Anna inntekt er hovudsakeleg festeavgift, kollektar, trekk frå gravlegata, jolesmesse, gåver til kyrkjebladet, faste gåver, momsrefusjon og sjukelønsrefusjon. Nokre år (som i 2021) får vi eit betydeleg tilskot frå Riksantikvaren til investering. I 2022 var det stor sjukelønsrefusjon

Rammeoverføringa frå kommunen til drift var i 2022 på kr. 3,489 mill., mot kr. 3,450 mill. i 2021. Tenesteytingsavtala var kr 379.000.

Driftsrekneskapen for 2022 enda med eit mindreforbruk (overskot) på kr 70.740 etter ein omsetnad på kr 5.566.181. På utgiftssida var det straumkostnadene som hadde størst avvik i forhold til budsjett. For å redusere utgifter, brukte vi heile 187.00 av fondsmidlar vi har i KLP. Meir bevisstgjering og senking av temperaturen i kyrkjene, har gitt oss rundt 5 % mindre forbruk samanlikna med 2021. På inntekssida gav refusjon av sjukeløn oss ei ekstra inntekt på over 220.000 kr vi ikkje hadde budsjettert med. I tillegg mottok vi ein eingongs straumstønad frå staten på kr 45.000 for å halde kyrkjene opne og varme i desember. (Straumrekning i desember aleine var på over kr 110.000) Utan desse tiltaka og refusjonane, ville rekneskapen truleg enda med eit større meirforbruk, noko tilsvarande meirforbruket på straum aleine, kr 230.000.

Investeringar vart gjort for til saman rundt 1,2 mill. kr, og enda med udisponert investering (overskot) på kr 34.893 som blir sett av til ubunde investeringsfond.

Balanserekneskapet viser sum egedelar (anleggsmidlar og omløpsmidlar) er kr 15.049.203 (2021: kr 13.886.635). Dette balanserer med sum eigenkapital og gjeld. Det er ein auke på kr 1.162.568 frå året før.

Ofringar i 2022 var igjen oppe på 2019-nivå med samla nær kr 260.000. Faste gåver held seg stabilt og godt på i overkant av det budsjetterte kr. 75.000.

Sjå meir i statistikken i pkt. 8.2.

Vi viser elles til den fullstendige rekneskapen for soknerådet for 2022 som blir lagd fram til orientering på soknemøtet.

Den økonomiske stillinga til soknet er tilfredsstillande. Soknerådet har forvalta midlane tilgjengelege i 2022 på ein god måte. Soknet har eit rimeleg godt beløp ståande på disposisjonsfond som auka både i 2021 og 2022 etter mindreforbruk på drifta. Litt står og att på fond hjå KLP som soknet kan bruke av for å redusere pensjonskostnadane ved behov.

8. SOKNERÅDET SITT ARBEID

8.1. GUDTENESTELIVET I SOKNET

Vi er glade for at vi dette året har kunna gjennomført eit gudstenestetilbod på høgde med slik det var før pandemien, utan restriksjonar. Her i kommunen kom hovudparten av smittebølgja først då samfunnet vart opna att, og det hadde kanskje noko påverknad på frammøtte fyrste del av våren. Det var likevel berre på institusjonane at vi ein kort periode var utestengde frå å bidra med andaktar frå kyrkja.

Forordninga

Som før har vi 52 gudstenester forordna frå biskopen til Kviteseid sokn. Desse er fordelt på sundagar og høgtidsdagar gjennom året i dei ulike kyrkjene etter ein fordelingsnøkkel som følgjer forordninga. Ein sundag i månaden er det ikkje gudsteneste i soknet. Etter innspel frå kyrkjegjengar i Vrådal, sende soknerådet søknad til biskopen om å få ekstra presteressurs til å dekke inn tre ekstra gudstenester årleg. Dette vart innvilga i haust, og det er presten i Fyresdal som skal dekke inn desse. Soknet må sjølv dekke inn andre utgifter som organist, kyrkjetenar og oppvarming.

Frammøte og familiegudstenester

Gjennomsnittleg frammøte og nattverdgjester har halde seg temmeleg stabilt sidan sist år når vi ser heile soknet samla. Men bak desse tala er det andre tal som seier meir om tilhøva på dei ulike stadene. Det har siste året vore ganske ujamnt frammøte i Kviteseid kyrkje, som er hovudkyrkja med flest gudstenester. Vi har halde fram med familiegudstenester kvar fyrste sundag i månaden her. Det er stor skilnad på frammøtet om eit barnekor eller eit trusopplæringsstiltak er knytt til gudstenesta, eller ikkje. Dette gjeld òg for dei halvårlege familiegudstenestene i Brunkeberg og Vrådal. Vi har hatt utdeling av dåpsgåver til 1-3-åringar, 4-årsbok og adventskalender til 5-åringar i samband med gudstenester. Siste året har vi erfart at det krev meir enn før å rekruttere barnefamiliane til å møte opp på desse gudstenestene. Vi har ikkje hatt gudstenester med tårnagentar eller LysVaken då vi arrangerer dette berre annakvart år.

Bak frammøtetala kan vi og sjå at om ein ser bort frå toppane og botn, er det no færre til stades på ei middels besøkt gudsteneste. Medianen er altså gått mykje meir ned enn gjennomsnittstalet for frammøtet sidan sist år. Her er Fjågesund kyrkje eit gledeleg unntak. Her peiker alle tala opp dette året – både gjennomsnittleg frammøte, medianen og gjennomsnittleg tal på nattverdgjester viser ein positiv trend.

Utviklingsarbeid

Prest, organist og trusopplærar deltok dette året på kurs i Porsgrunn arrangert av bispedømet i samarbeid med “Søndagsskolen Norge”. Etter dette har vi jobba vidare med fornying av

familiegudstenesta særleg med tanke på å forenkle nattverdliturgien. Gudstenesteutvalet vil i året som kjem leggje fram eit forslag for soknerådet om å søke biskopen om godkjenning av denne liturgien.

Variert gudstenestetilbod

Dette året har vi berre hatt tre eigne dåpsgudstenester. Vi ynskjer at dåpen i hovudsak skal leggjast til sundaggsgudstenestene.

Vi har elles prøvd å tilby eit variert gudstenestetilbod med taizégudsteneste i fastetida, nattverdgudstenester på KOS, kveldsmesser torsdagar i juli i gamlekyrkja og nokre friluftsgudstenester. Gudstenesta på Vrådal gamle kyrkjegard var godt besøkt, og her vart det servert heimelaga graut. Vi var ikkje like heldige med veret på Heivatn. Her bidrog Kviteseid Jeger og fisk

med mellom anna fiskeutstyr og premiar til fiskekonkurranse.

(biletet frå Heivatn viser berre litt av kyrkjelyden)

Når det gjeld gudstenesta 17. Mai, har desse vore lagt slik at 17. mai-toga i Kviteseid, Fjågesund og Brunkeberg rekk fram til gudstenestene der. Dette året gjorde 17. mai-komitén i



Kviteseid ei endring slik at toget starta i bryggeparken etter gudstenesta i Kviteseid. Då fleire bygder deler på hornmusikken, måtte toget i Brunkeberg difor gå tidlegare på föremiddagen. For dei som ville gå i kyrkja i Brunkeberg vart det dermed dårleg flyt i programmet for dagen. Kyrkja har vore med på å ta initiativ til ei felles evaluering av dette.

I haust tok vi òg opp ein gammal tradisjon med å halde lysmesse i gamlekyrkja. Det var interesserte elevar og lærarar frå Kvitsund gymnas som var pådrivarar for at vi arrangerte dette på ny, og ein del av desse deltok med oppgåver i gudstenesta. Kyrkjelydsutvalet serverte varm kakao og bollar etterpå.

Før jol var det elles tre skulegudstenester: med Brunkeberg oppvekstsenter, Kviteseid skule og Kvitsund gymnas.

Frivillige og konfirmantar

Elles er kyrkjelydsutvala framleis gode medhjelparar som følgjer opp praktiske oppgåver knytt til dei gamle sokna og kyrkjene der. Og som før er det mange frivillige som er involverte i sjølve gudstenesta med oppgåver som klokkar, forbedar, kyrkjevert, tekstlesing, styre bilete til skjerm, evangelieprosesjon, drama, song, kyrkjekaffi med meir. Konfirmantane har teneste som ministrantar haust og vår. Konfirmantane førebur òg samtalegudstenesta i samarbeid med prest, organist og trusoplærar.

8.2. STATISTIKK

	2022	2021	2020	2019	2018	2017
Gudstenester (inkl. i institusj.)	71* (2)	65 (2)	40	61 (2)	62	61
*Ekstra dåps- og konf.gudstj.						
Kviteseid (inkl. Kv.Gml.), m/dåp	26 6	23 7	22 3	24	24+9	24+9
+ Skule/Barnehage	3	1	1	3		
+ Kveldsmesser	5	5	0	4		
Messefall, koronareglar	0	4	0	0		
Median /gj.snitt	51 / 71	66 / 74	56 / 61	78 / 100	81 / 92	

	2022	2021	2020	2019	2018	2017
Brunkeberg, dåp + Skule/Barnehage Messefall, koronareglar Median /gj.snitt	12 5 1 0 31 / 58	10 2 1 2 52 / 53	13 2 1 0 48 / 57	11 0 0 65 / 71	10 61 / 69	10
Vrådal + Skule/Barnehage Messefall, koronareglar Median /gj.snitt	13 3 0 0 37 / 54	11 3 0 2 51 / 51	7 1 0 53 / 48	11 1 0 48 / 60	12 34 / 52	10
Fjågesund og Kilen Messefall, koronareglar Median /gj.snitt (Fj.s) Median /gj.snitt (Fj.s)	4 0 30 / 29 17 / 17	5 1 22 / 24 29 / 29	5 0 25 / 24 22 / 22	7 0 23 / 22 42 / 42	7 27 / 31 42 / 42	8
Gjennomsnitt frammøte deltakarar/gudstenester	59 3381/57	56 2768/49	42 1861/44	76	71	
Dåp	14	17	13	11	17	22
Konfirmasjon	18	21	11	22	18	24
Vigslar	9	3	2	8	5	4
Gravferder	33	25	15	25	21	37
Innmelde - utmelde	1 - 8	1 - 9	0 - 6	2 - 9	3 - 4	2 - 10
Medlemmer totalt (tidl.+ tilhørlige*) (Nedgang pga flytting, død, fødte ikke døpt)	1694 (-70)	1764 (-11)	1775 (+39*)	1771 (+43*)	1796 (+46*)	1793 (+47*)
% medl. i Dnk	70,0 %	71.9 %	75,5 %	75,5 %	76,5 %	75,6 %
Innbygg. i kommunen ved utg. av 3. kvartal, SSB. (endring)	2421 (-31)	2452 (+49) 4.kv.	2403 (+1)	2402 (-6)	2408 (-25)	2433
Andakter på KOS og Midts.t.	8 + 9	10 + 9	11 + 12	10 + 9	9	9
Kulturarrangement		6	5	10	6	5
Deltakarar på ant. arr. (Gudst., andakter, eigne og andres konserter)	3898 - 71	3876 - 81	2241 - 59	4601 - 65	4861 - 67	5240 - 72
Registrerte frivillige * (god oversikt frå 2020)	149	151	134	70	71	120
Kyrkjeofringar Kyrkjelydsarbeidet Misjonsprosjekta Andre eksterne (inkl. ekstra Ukraina)	258 900 71 400 26 400 161 100	185 400 42 000 21 000 122 400	141 000 38 000 23 000 80 000	257 000 78 000 31 000 148 000	226 000 49 000 26 000 151 000	185 000 51 000 24 000 110 000
Andre innsamlingar Jolebasaren (Av dette til misjonsprosектa.) Fasteaksjonen	87 400 49 400 20 000 38 000	95 500 56 500 20 000 39 000	83 000 50 300 15 000 34 700	89 000 41 000 15 000 48 000	93 000 52 000 20 000 41 000	94 000 48 000 15 000 46 000
Andre gåver Kyrkjebladet Faste gåver til eige arbeid	145 625 46 300 77 200	111 600 36 500 75 100	116 000 34 000 82 000	119 000 48 000 71 000	75 000 54 000 21 000	52 000 52 000

* NY GOD OVERSIKT OVER ALLE FRIVILLIGE I SOKNET FRÅ OG MED 2021

8.3. TRUSOPPLÆRINGA «STØRST AV ALT»

Tilsett: Knut Ove har halde fram som trusopplærar i 2022. Ingen nye tilsette.

Trusopplæringsutvalet:

Vidar Syrtveit Mikalsen (leiar), Møyfrid Lunde, Knut Ove Lofstad, og Sigrun Egeland Bakken.

Utvalet har i 2022 hatt tre møte på våren og tre på hausten.

I 2022 har utvalet

- jobba med planlegging av ei inspirasjonssamling for alle dei som jobbar som frivillige i trusopplæringa. Silje Ljosland Vaksvik skulle halde foredrag, men samlinga har vorte utsett og avlyst i 2022. (Ny dato for samlinga er 4. februar 2023. Det er 11 påmeldte.)
- jobba med å få større tilslutning for sundagsskulen. Utvalet hadde ein ide om ein ekstra «happening» for å skape meir merksemd om sundagsskulen. Tidleg på hausten arrangerte trusopplærar sundagsskulens dag i samarbeid med utvalet. Samlinga var i gapahuken ved Kviteseid kyrkje. Det vart ein annleis andakt der ungane var med på å dramatisere historia om den store fiskefangsten til Jesu disiplar, servering av mat og kake, hoppeslott, leik og konkurransar. Samlinga vart ein stor suksess. Det var 15 ungar som deltok.
- vore til god hjelp for trusopplærar ved planlegging av tiltak og å skaffe leiarar til dette.
- jobba med evaluering av diverse trusopplæringstiltak: Utdeling av dåpsgåver, Lys vaken-samling, konfirmantleir, 4-års samling, adventskalender til 5-åringar og sundagsskulen er tiltak som har vore evaluerte i utvalet. I evalueringa har det kome fram viktige tilbakemeldingar og idear som kan gjera tiltaka betre. Det har vore dårleg oppslutning i fleire av desse tiltaka. Utvalet har kome fram til at invitasjonar bør sendast ut tidlegare, ca. tre veker før tiltaket, og at det skal sendast påminning på sms når påmeldingsfristen nærmar seg.
- jobba vidare med forslag til endringar i den generelle delen av trusopplæringsplanen. Utvalet har gått igjennom fleire punkt i planen og har gjort endringar for at planen skal vera meir relevant og enklare å forstå. Utvalet har fått nyttige og gode innspel frå organist Olav Holm i avsnittet som omhandlar song og musikk. Utvalet held fram arbeidet med trusopplæringsplanen i 2023.

Medlemmer og døypte:

Vi får tilskot til trusopplæring ut frå 220 barn mellom 0-17 år som er medlemmer.


Tidsavgrensa breidde-tiltak:

- *Dåpssamtaler* - Det vart gjennomført dåpssamtaler for dei 13 dåpsborna som budde i soknet. Dei fleste valde å ha samtalen heime, og nokre hadde samtalen på kyrkjekontoret.
- *Dåpsgudsteneste* - Vi hadde totalt 14 dåp. Eitt av barna var over eitt år. Dei fleste vart døypte i den vanlege høgmessa i si nærmaste kyrkje. Vi hadde tre eigne dåpsgudstenester for å imøtekommefamiliar der kor dei lokale gudstenestene passa dårleg.
- *Dåpsgåve* - Utdeling til 1-3 år – 28 av 28 (100%) Dei som ikkje møtte opp på gudstenesta, fekk gåvene levert av trusopplærar og ei frivillig.
- *4-årsbok* - Utdeling med samling før gudstenesta i Vrådal kyrkje 23.oktober – 7 av 14 (50%)
- *Adventskalender til 5-åringar*: Utdelinga var i Brunkeberg kyrkje sundag 27 november – 1 av 12 (8%).

Kontinuerlege grupper:

- Babysong/småbarnstreff på Misjonshuset kvar torsdag. Ansvarleg: Møyfrid Lunde
- Sundagsskule: 6 samlingar i 2022 i Bornas kapell under dei gudstenestene i Kviteseid som ikkje er familiegudstenester. I tillegg vart det eit ekstra arrangement på sundagsskulens dag. (sjå bilete på neste side.. Foto: Kristen Salmeli) Ansvarleg: Knut Ove Lofstad.

- Barnegospel øver annankvar torsdag på Misjonshuset. Førskule-8 år. Song på gudstenester og andre møte. Tilslutta Normisjon. Ansvarleg: Liv Solveig Liudden.
- 2 idrettsgrupper på Kvitsund Gymnas. Tysdagar og torsdagar. 6-9 år, og 10-15 år. Tilslutta NLM. Ansvarleg: Karen Margrete Klausen
- Yngres i Vrådal: Annankvar tysdag på det gamle oppvekstsenteret på Straumsnes. 10-15 år. Tilslutta NLM. Ansvarleg: Astrid Breivik.
- Unge Røyster øver annankvar torsdag på Misjonshuset. 5-8 år. Song på gudstenester og andre møte. Tilslutta Normisjon. Ansvarleg: Elise Foldøy
- Tweensklubben for 5.-7. trinn er om lag annakvar fredag på misjonshuset. Tilslutta Normisjon
- Kviteseid Soul Children øver i Kviteseidhallen annankvar tysdag. 12-15 år. Tilslutta Normisjon. Ansvarleg: Olav Holm.
- Kviteseid speidargruppe: Speidarane samlast annakvar mandag på speidarpllassen ved elva mellom gamle Syftestad camping og Li sag. Har også hatt nokre samlingar på Betel om vinteren. I tillegg reiser speidaren på turar i helger, og på leir om sumaren. Speidaren er eit samarbeid mellom Betel og Kviteseid sokn. 9-15 år. Ansvarleg: Knut Ove Lofstad, Ane Holm, Hans Kristian Aabø, Vidar Syrtveit Mikalsen, Justin Dean, Marianne Jamgrav Grave og Torbjørn Skjæveland.
- Fredagsklubben. Annakvar fredag på misjonshuset. Fredagsklubben er eit samarbeid mellom Normisjon og Kviteseid sokn.



Konfirmant-arbeid:

Konfirmantar 2022: 18 konfirmantar følgde undervisninga frå hausten 2021 og vart konfirmert våren 2022. Ein av konfirmantane hørde til fjarðrskullet, men følgde klassen sin gjennom konfirmantåret. Spesielle samlingar vår og sommar:

- Konftreff på Granvin med turneringar og undervisning om Kirkens nødhjelp, arrangert av Ønsket og elsket.
- Fasteaksjonen lokalt – konfirmantane gjekk frå dør til dør med bøsser til godt resultat.
- Pilegrimsvandring mellom Brunkeberg og Kviteseid kyrkjer.
- Samtalegudsteneste i Brunkeberg og konfirmantfest på grendehuset i Morgedal.
- Konfirmasjonar i Brunkeberg, Kviteseid og Vrådal kyrkjer.
- Sommarleir på Gjennestad, arrangert av Ønsket og elsket. Det var fyrste gong at vi deltok på denne etter sjølv konfirmasjonen.

Konfirmantar 2023: 14 konfirmantar følgde undervisninga frå hausten 2022. Ein av desse fekk eiga tilpassa opplæring.

Spesielle samlingar hausten:

- Overnattingstur til Lønnegraff eitt døgn. Her hadde vi med ungdomsleiarar frå Kvitsund.
- Kick-off-samling i Husdyrhallen på Dyrsku'n, arrangert av Ønsket og elsket.
- Skulegudsteneste for Kviteseid skule. Her deltok konfirmantane med tekstlesingar, lystenning og jolespel.

Konfirmantane har elles hatt teneste som ministrantar på gudstenester haust og vår.

Ønsket og elsket leiararbeid: Ein av konfirmantane frå 2020 har halde fram med å delta aktivt i leiarprogrammet til Ønsket og Elsket, i samarbeid med trusopplærar. Ellers var konfirmantane vore med på Kick-off-samling på hausten og konf.treff på våren

8.4. MISJONSPROSJEKT:

For perioden 2021-2024 har soknerådet teikna to misjonsavtaler:

1 Bibelomsetjing i Sør-Etiopia gjennom Norsk Luthersk Misjonssamband. Her er Karen Elisabeth Wittersø Hector og mannen Fredrik Hector utsendingar i arbeidet med omsetjing til tsamakko.



2 Sjukehuset Okhaldunga i Nepal gjennom Normisjon. Her er Liv Wendel utsending og arbeider med undervisning av sjukepleiestudentar i jordmorfag mellom anna.



Sju kyrkjeofringar årleg går til inntekt for kyrkjelydens misjonsprosjekt. I tillegg vert inntektene fra soknerådsbasaren delt mellom misjonsprosjektet og trusopplæringsarbeidet lokalt. For å greie våre avtala mål til misjonsprosjekta, sende vi 20.000 frå basaren. Vi hadde ein intensjon om å samle inn 20.000 kr til kvart av føremåla. I 2022 samla vi inn og sendte kr 46.400.

8.5. DIAKONI:

Diakoniutvalet: Gunhild Dobbe, Kirsti B. Skjæveland, Ellen Katrine Køhn, Åsa Wendel, Hanne Roholt, Marit Sørby, Reidun Torsdal, Reidun Fisketjønn, Ingrid Grestad, Gunhild S. Breidalen.

Møtedatoar: 13. januar, 24. mars, 27 april, 1. september og 26. oktober.

Møyfrid Lunde var med på møta

Diakoniens dag 9. januar i Vrådal. Kyrkjekaffe ved diakoniutvalet

Besøkstjeneste: 24 mars og 1. september. Eilev Erikstein var med møta

Føremiddagstreff: 7 treff på Misjonshuset. Mellom 18- 36 kom på treffa.

Det vart servert smørbrød, kake og kaffe. Utlodning. Andakt ved Møyfrid Lunde eller Eilev Erikstein.

Sommartreff 29. juni: Servering mat og kaffe. Sang og musikk ved Herdis og Øyvind Jørgensen.

Andakt i gamlekyrkja.

Adventskonsert i kyrkja 7. desember: Sang og musikk under leiing av Olav Holm.

Sang ved skulejenter, Jan Haugen og Vidar Magnushommen. Servering ved langbord i midtgangen av graut, kaffe og pepparkaker. Andakt ved Møyfrid Lunde.

Blomehelsing: Det var 41 helsingar til dei som fylte heile-og halvrunde tal frå fylte 80 år

Konfirmantar: Det vart servert mat og drikke før undervisninga på Misjonshuset eller i kyrkja.

Midtsundtoppen: Besøk ein gang pr. månad saman med Møyfrid Lunde og Olav Holm.

Andakt, sang og musikk. Matservering og koseleg prat.

Bebuarane på Lundenjordet:

Vårfest 11. mai. Sang og musikk ved Kjell Lindheim og Øyvind Jørgensen. Andakt ved Møyfrid Lunde.

Eilev Erikstein var med. Servering av mat, kaffe og kaker.

Førjolsfest 14. desember.

Sang og musikk ved Kjell Lindheim og Øyvind Jørgensen. Andakt ved Møyfrid Lunde.

Servering av mat og kaffe. Nissen kom på besøk

Helgemesse 6. november i Kviteseid kyrkje.

Diakoniutvalet sende ut invitasjonar til dei som hadde mista nokon sidan forrige helgemesse.

Etter gudstjenesta var alle invitert til samling på Misjonshuset.

Det vart servert mat, kake og kaffe. Møyfrid Lunde og Eilev Erikstein var med.

Sang og musikk av Jan Haugen og Kristin Kleiv.

Open kyrkje i Kviteseid frå 16-18.

Språkkafe 8.desember på Waldenstrøms kafe, etter førespurnad frå Frivilligsentralen. Eilev Erikstein var med i tillegg til interesserte frivillige. Rundt 30 personar totalt. Mange av dei var nyleg busette Ukrainske flyktningar. Enkel servering og kaffe på rekning frå kafeen.

For Diakoniutvalet, Kviteseid februar 2023, Kirsti Breidalen Skjæveland


Prostidiakonen

Eilev Erikstein viser i sin årsrapport til arbeidet han har gjort i Kviteseid siste året.

(Biletet: Ein vandringsmann må av og til legge ned staven og ta ein pust i bakken.
Eilev på pilegrimswandring til Røldal for 30. gong.
Foto: Kristen Salmelid)

Her er eit utdrag frå det som gjeld berre Kviteseid, frå årsrapporten til diakonen:

- 92 samtalar
- Deltaking på forskjellige arrangement:
 - Diakonidag i Kviteseid
 - Andakt på 1 föremiddagstreff
 - 2 diakoniutvalsmøte
 - 2 rettleiingsmøte for besøksteneste
 - 2 samlingar i gruppa «Optimistane» - gruppe for dei som har hatt eller har kreft
 - 'Vandring for fred' ei markering av FN's flyktningdag, Kviteseid kyrkje - Ågapet t/r
 - Sommar- og adventsfest for Lundenjordet, i samarbeid med diakoniutvalet
 - 1 Open Hall i Kviteseid, saman med frivillighetssentralen
 - Guys Group 2 gonger i lag med tilsette på Kvitsund – 20 deltagarar
 - Pilegrimswandring med Kvitsund Gymnas
 - 2 VIP-samlingar på Kvitsund Gymnas
 - Undervist om sorg til Kvitsundlærerne
 - Krisedag for ungdomsskulen
 - Markering av Verdensdagen for psykisk helse på Kviteseid skule
 - 1 språkkafe, i samarbeid med diakoniutvalet
- 1 soknebod



Godhetsveka 2.-8. mai 2022

Kyrkja arrangerer godhetsveka i samarbeid med pinsemenigheten Fredheim, misjonskyrkja Betel og Misjonshuset (Normisjon). Veka vert planlagt og organisert gjennom ein felles komité.

Statistikken etter veka er følgjande: Ca. 300 dugnadstimar i felten. Tilsaman 85 namn er registrert som bidragsytarar på ein eller annan måte. Det er inklusiv komiteen og bakarar. 16 hageoppdrag, 16 vaskeoppdrag, 1 utvendig husvask. 2 Andre (Drivhus, søppel)

Tilbakemeldingane etter veka er eintydig positive i år og. Folk verkar veldig fornøyde. Dette gjeld både deltagarar, og dei som mottok hjelp. Ei svært positiv veke med mange gode ringvirkningar i

bygda. Flott å kunne samarbeide på tvers av menighetane. Alle vil at dette skal gjentakast og halde fram. Det gir godt når vi har gjort ting før, og i komiteen utfyller vi kvarandre godt.

GODHET  Det er veldig positivt å ha med Kvitsundeleva. Veka blei avslutta med godhetsgudsteneste i Bryggeparken.

8.6. KULTURARRANGEMENT, SPESIELLE MESSER OG ANNA:

Gudstenester (spesielle, utanom sundagar)	
6. april	Taizé-bøn i Kviteseid kyrkje
4 kveldsmesser	i Kviteseid gamle kyrkje torsdagar i juli månad
2. oktober	Speidargudsteneste og hausstakkefest i Kviteseid kyrkje
24. november	Ljosmesse i Kviteseid kyrkje i samarbeid med Kvitsund Gymnas.
Felleskyrkjelege arrangement (Kyrkja, Betel, Fredheim og Misjonshuset)	
	Familiemøte vart avlyst på grunn av restriksjonar
11.-13. mars	Fellesmøtehelg med Egil Svartdal som talar
8. mai	Godhetsgudsteneste som avslutning av Godhetsveka
26. september	Felles song-møte med lokale utøvarar i Kviteseid kyrkje
Bøn for Kviteseid ein gong i månaden har vore arrangert dei fleste månader. Felles bøn har blitt flytta til tysdagar på Misjonshuset kl. 18.00.	
Konsertar og liknande.	
22. januar	«Markusevangeliet» ved Christian Stejskal
20. mars	«Perler for folk» med Hilde Norland Gundersen og Arne Olav Hageberg. Bedehusperler i moderne innpakning.
5. mai	«3x Haugen og Holm» med Oddmund Haugen, Jan Haugen, Petter Haugen og Olav Holm. Tekstar av Oddmund Haugen.
29. mai	«Lilja bære blomster i enge» med Fauna vokalkvintett og Ingebjørg Longvik Reinholdt i Brunkeberg kyrkje. Olea Crøger – materiale.
15. juni	«Vandring for fred» med prostidiakonen. Musikkstund i kyrkja med barn frå Kviteseid barnegospel, Jan Haugen og Ljuda Kravtšuk.
27. november	Adventskonsert med Hans Inge Fagervik med band i Kviteseid kyrkje.
1. desember	Adventskonsert med Kristin Kleiv, Randi Strømsvik og Ajer og Haugen band i Vrådal kyrkje.
7. desember	Adventssamling for pensjonistar i Kviteseid kyrkje med Vidar Magnushommen og Jan Haugen, Edvin, Oline og Malene, allsong, andakt ved Møyfrid og graut.
11. desember	Tradisjonell adventskonsert i Kviteseid kyrkje med bygda sine kor og korps, og andakt ved Møyfrid.
Anna	
27. mars	Soknemøte (årsmøte), i Kviteseid kyrkje
11. april	Felles diakonisundag for Vest-Telemark i Kviteseid kyrkje
26. november	Kyrkjelydsbasar på Misjonshuset til inntekt for Kyrkjelydens trusopplæringsarbeid og Misjonsprosjekta

8.7. MELDING FRÅ ORGANISTEN V/ OLAV HOLM:

Endeleg nesten eit heilt år utan koronarestriksjonar! Også i 2022 har det vore ei glede å arbeide saman med kollegaer og friviljuge om musikk og kultur i kyrkja.

Liv Solveig Lidden Sørbø gjer ein flott jobb med Kviteseid barnegospel. Våren 2022 var på mange måtar eit høgdepunkt for koret, med 20 ivrige deltakarar. Underteikna måtte trå litt ekstra til i år saman med dyktige friviljuge frå Kvitsund, då Liv Solveig har vore ein del sjukmeldt. God hjelp har me også fått av «vikar» Åsbjørg Hægeland. Kviteseid barnegospel deltok på tre gudstenester i 2022, medan Soul Children deltok på ein.

Då Elise Foldøy ynskte å skilje ut att Unge Røyster som eige kor frå hausten, blei øvre aldersgrense for barnegospel sett ned att til 3. klasse, medan nedre aldersgrense for Soul Children blei 6. klasse. Så i haust har me igjen hatt tre barnekor i bygda med ikring 8 deltarar i kvart kor. Bandet i Soul Children mista samstundes pianisten sin, og har enno ikkje lukkast å finne ein ny. Dag Henning hjelpte til som vikarpianist for Soul Children under julekonserten, noko som vart svært vellukka. I haust har me og hatt øvingar på Seljord misjonshus med fellestransport frå Kviteseid for om mogeleg lettare å rekruttere Seljordingar. Mottakelsen i Seljord var varm frå alle mogelege vaksne, men initiativet har til no gitt «berre» ein deltarar frå Seljord. Me ynskte og å rekruttere blant Ukrainske flyktningar der, men det er nok eit større lerret å bleike. Sakte men sikkert rekrutterer me og i Kviteseid, så ved årsskiftet hadde me 8 betalande medlemmer. Me hadde god hjelp av Kvitsundevar både vår og haust, men frå hausten måtte igjen organisten stå framfor koret. I tillegg var Bent Grestad ein god medhjelpar og bandmedlem. Andreas og Ruben hjelpte til med andakt i tillegg til å spele i bandet.

Også dette året hadde me glede av mange friviljuge bidrag til musikken under gudstenestene. I tillegg til dei nemnde barnekora og mannskoret Ågapet har ei mengd enkeltpersonar sungne eller spilt på gudstenestene i løpet av året. Til jul og påske fekk me tradisjonen tro tromma saman eit heilt kor til å synge høgtidsliturgi. Underteikna trivst godt i jobben når han kan lage musikk saman med andre, og er svært takksam for all denne friviljuge innsatsen. Me har framleis Fredheimkoret til gode, og denne hausten har dei strevd fordi dei manglar fast pianist, men vi håpar å sjå både Fredheimkoret og alle dei andre kora i bygda på gudsteneste i løpet av 2023.

Den 11. desember kunne me for fyrste gong på tre år ha musikalsk storsamling i kyrkja i samband med advent. Mange sette pris på at denne tradisjonen var tilbake. Eit anna stort høgdepunkt for underteikna var musikkstunda i kyrkja etter «vandring for fred» arrangert av prostidiakonen i mai. Ei sterke opplevelse for både musikarar og tilhøyrarar.

Kulturutvalet med underteikna, Thorbjørn Emdal og Toralf Grave har og administrert enkeltståande konserter og kulturarrangement dette året. Me har hatt lesing av Markusevangeliet, bedehusperler, vakker lyrikk frå Oddmund Haugen, Olea Crøger-vokalblomar, folkeleg jolemusikkblanding og Hans Inge Fagerviks livsnære og flotte tekstar og melodiar. Me er stolte av innhald og variasjon i kulturprogrammet, men mange av perlene hadde fortent mange fleire tilhøyrarar. Ein del av arbeidet vårt for kommande år blir å forsøke å rekruttere breiare til slike arrangement.

Med ynskje og håp om meir kyrkjekultur, for fleire, i 2023!

Kviteseid i januar 2023,
Olav Holm, organist


8.8. KYRKJEBLADET

Kyrkjebladet kom ut med fire nummer i 2022. Desse kom før påske, før sommaren, medio oktober og før jol. Redaksjonen har bestått av sokneprest Møyfrid Lunde (redaktør), Øyvind Jørgensen og Olav Mosdøl. Dagfinn Køhn har vore nytta som korrekturlesar i noko grad. Vi kjøper tenester for utforming og trykk ved Erik Tanche Nilssen AS og for massedistribusjon ved posten. Vi sender via Posten til husstandar i Kilen, og til Kviteseidingar og andre interesserte rundt om i Noreg. Der Posten tidlegare år ofte har gjort feil, har det i 2022 gått rimeleg greit.. Bladet vert i tillegg lagt ut digitalt på heimesida. Vi trykker giro i alle blada og får inn nokre gåver via konto og noko på vipps. Gåvene dekker ikkje utgiftene med bladet.

Og vi er takksame for alle gode gåver i 2022, og for alt godt arbeid redaksjonen har gjort dette året.

	2022	2021	2020	2019
På giro i kvart blad og litt på vippes, kom det inn totalt:	46.000	36.500	34.000	48.000
Utgifter til å setje opp og trykke dei 4 nummera: (+/- 15.000)	60.000			
Utgifter til å sende ut dei 4 nummera: (+/- 4.750)	19.000	65.000*	88.000	78.000

*Grunna over 11.000 kr i refusjon etter feilsendingar hos posten (Bring) i 2021.



9. GODKJENNING

Årsmeldinga vart handsama og godkjent av soknerådet 1. mars 2023

Kviteseid, 1. mars 2023

Marit Gotuholt

Marit Gotuholt

Leiar

Møyfrid Lunde

Møyfrid Lunde

Sokneprest

Kristen Salmelid

Kristen Salmelid

Kyrkjeverje